



Presset over i AFP

Eldre ansatte ved Universitetet i Oslo blir presset over i avtalefestet pensjon. Universitetet bør etablere en verdig politikk for eldre, mener hovedtillitsvalgt Live Rasmussen.

Side 5

Nr. 1/2007 – 39. årgang
Tidsskrift for Forskerforbundet
Forskerforum blir redigert etter Redaktørplakaten.
Redaksjonen avsluttet 20. desember 2006.

REDAKSJON
REDAKTØR: Ingar Myking
REDAKSJONSSEKRETÆR: Kjetil A. Brottveit
BLADBUNAD: Ragnhild Gram

REDAKSJONSRAÐ
Martin Eide, professor UiB
Helge Salvesen, bibliotekdirektør UiTø
Reidun Høydal, Møreforskning/Høgskulen i Volda

ADRESSE
Forskerforum, Postboks 1025 Sentrum, 0104 Oslo
Telefon: 21 02 34 00/ Telefaks: 21 02 34 01
E-post redaksjon:
i.myking@forskerforbundet.no,
k.brottveit@forskerforbundet.no

Trykk/ekspedisjon: Øyvind Glomvik AS
ISSN 0800-1715
Opplag: 16 750
ANNONSER
Arne Aardalsbakke
Telefon: 64 87 67 90
Telefaks: 64 87 67 91
E-post: forskerforum@c2i.net

Format	
1/1 side	16900
1/2 side	11900
1/3 side	8500
1/4 side	6500

Stilling/kunngjøringer: kr 27,- pr spaltemm.
Alle priser er oppgitt ekskl. mva.

UTGIVELSESPLAN	
1/2007	02.01.2007
2/2007	05.02.2007
3/2007	05.03.2007
4/2007	02.04.2007
5/2007	07.05.2007
6/2007	11.06.2007

Neste nummer: 5. februar 2007. Deadline: 24. januar.
Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte
innsendte innlegg. Sender du inn stoff, legg ved
diskett eller bruk e-post/vedlegg.

Internett: www.forskerforbundet.no
Omslagsillustrasjon: Kari Stai/Patron



aktuelt

5 – PRESSES UT I AFP

Eldre ansatte presses ut i avtalefestet pensjon, sier hovedtillitsvalgt Live Rasmussen ved Universitetet i Oslo. Hun krever en bedre eldrepolitikk ved UiO.

9 EVNE OG VILJE

Evne og vilje
Pengene er der. Forskningsmeldingene ligger der. Men regjeringen mangler vilje til å satse ordentlig på forskning, mener Odd Einar Dørum.

12 KAOS I SYSTEMET

Lønnsutbetalinger uteble. Refusjon av utgifter kom aldri på konto. Det nye personal- og lønssystemet ved Universitetet i Oslo fungerer fremdeles dårlig.

14 NOKUT

NOKUT er langt fra et rent faglig organ. Politikk og fag blandes sammen hevder NIFU STEP i en ny evaluering.

magasin

19 SKRAPET SOM GJENOPPSTÅR

Gjenstander fra oljeplattformer kan få sin renessanse utenfor Norsk Oljemuseum i Stavanger. Et nytt vitensenter er under planlegging.

23 PORTRETET

– Min jobb er å sørge for at Djupedal fortsett mulig kommer ut av barnehagen.
Møt Bjarne Hodne, ny leder i Forskerforbundet.

26 FAGET OM FAGET

Matematikkunnskapene i grunnskolen har gått tilbake, og studentekruttingen til faget er dårlig. Kan det hjelpe at Høgskolen i Agder gir doktorgradsutdanning i matematikdidaktikk?

faste spalter

22 TI KJAPPE, SKJØNNÅND, BILDER FRA NORSK FORSKNING.

25 20 SPØRSMÅL

30 KRONIKK

Et krampaktig skille mellom universitet og høyskoler rir oss som ei mare, mener professor Øyvind T. Gulliksen ved Høgskolen i Telemark. Hans kronikk er et åpent brev til Stjernø-utvalget

forbundssider

38 FORBUNDET INFORMERER

38 INNSPILL: Generalsekretær Kari Kjenndalen

39 INNSPILL: Forbundsleder Kolbjørn Hagen

Redaktør Ingar Myking



Tøffare tider for Beach University?

NOREG BRUKAR to milliardar kroner i året på vårt sjuande universitet. I studieåret 2005-06 hadde det 22 055 studenter. To tredjedelar av studentane tek master- eller bachelorgrad, og medisin og økonomiske fag er dei mest populære studieretningane. Nokre vel å kalle universitetet for Beach University, men namnet er ikkje berre rettvis.

VISNAKKAR OM norske utanlandsstudenter. Myta om den norske utanlandsstuderande er solglade dagar på ein campus ved eit obskurt, ikkje-kvalitetssikra universitetet i Australia. Gjerne med ei kvit sandstrand i nærleiken, der våre norske studenter fordjupar seg i surfing som ein del av ein svært så tverrfagleg bachelorgrad. Og sjølv om rektorane der aldri sluttar å undre seg over kor sjenerøs den norske staten er som betalar alle studieavgiftene til nordmennene, passar universitetet vel på å justere studiepengane etter utanlandssatsane til den norske Lånekassa.

MEN DETTE ER SJØLVSAGT mindre enn halve sanninga. Mange australske universitet er blant dei beste i verda, medan nokre hadde aldri fått kome gjennom resepsjonen til NOKUT eingong. Flest norske studenter reiser til Storbritannia, med Australia og Danmark hakk i hæl. Svært mange får ei like god, om ikkje betre utdanning enn kva dei kunne fått i Noreg. Og sjølv om utanlandske lærestadar spekulere i at norske styremakter stiller villig opp med lån og stipend til studieavgiftene (vel 52 000 NOK i året), får mange nordmenn tilgang på ei utdanning dei fleste internasjonale jamaldringar berre kan drøyme om. Sjølv om verda ikkje er sosialdemokratisk, skal nordmenn ha sosialdemokratiske rettar i verda, er moralen.

SÅ LANGT SÅ VEL, skulle ein tru. Men verda er ikkje så enkel. Norsk politikk i høve til studiar i utlandet er prega av meir paradoks enn konsistens. Særleg er tesen om fritt studieval eit merkeleg fenomen. På om lag same tid som Stortinget etablerte NOKUT til skrekk og åtvaring for norske studiestadar som kunne tenke seg å ta snarvegane i studiekvalitet, vedtok dei prinsippet om fritt utanlandsk studieval, med Lånekassa i lomma. På eit seminar i regi av Kunnskapsdepartementet like før jul, kom det fram at ikkje alt er som det bør vere med omsyn til kvaliteten på ein del utanlandske studiestadar. Skal vi tru seniorrådgjevar Rolf Lofstad i NOKUT, har dei der sett meir ein eitt tilfelle av at nordmenn har tapt pengar og år av livet sitt fordi dei har fått studiestøtte til utdanningar som ikkje held mål. Ein del av desse døma var frå Australia. Han argumenterte sterkt for at studiestøtaden blir avgrensa til berre kvalitetssikra lærestadar. "Det er våre pengar som blir brent vekk. Vi må i det minste satse på å kjøpe kvalitet," sa Lofstad til Kunnskapsdepartementet.

EI ANNA KRITISK røyst blei heva frå Handelshøyskolen BI, via den nybakte rektoren der, Tom Colbjørnsen. Han hevda at dei rause ordningane til utlandstuderande svekkar både dei private og offentlege utdanningsstadane her heime. Ved BI, som har skulepengar, får ikkje studentane dekt delar av avgiftene, slik dei gjer i utlandet. Med ein gunstig valutakurs i ryggen og ein statleg sjekk til skulepengar, lever norske studenter langt betre i utlandet. "Ved å subsidiere dårlege universitet i utlandet, svekkar vi våre eigne lærestadar," var budskapet. Kvifor blir ikkje ein større del av den internasjonale studentutvekslinga organisert gjennom norske fagmiljø? Det er her dei internasjonale forskingskontaktane er, og det er ved lærestadane langsiktige internasjonalt samarbeid om forskning og utdanning kan byggast opp.

VED NORSKE UNIVERSITET og høgskular satsast det på å bygge opp samarbeid med dei beste utdanningsinstitusjonane i verda, med gunstige studieutvekslingsavtalar, medan norske styremakter gir ungdomen økonomiske insentiv til å søke seg til det middelmåtige, vil mange hevde. I det kvalitetsreformerte studie-Noreg, der studentanes studiepoeng betyr kroner og øre, er det lite pengar for lærestadane i å bygge opp studentutvekslingsavtalar med internasjonale universitet og høgskular. Dei norske får utgiftene til administrasjon og informasjon, men studiepoenga til studentane blir ikkje økonomisk kompenserte.

EIT ANNA PARADOKS er at medan vi i Noreg slit med rekruttering til realfag og andre nøkkelfag og difor prøvar å lage heimlege ordningar for å skaffe studenter her, så er det ingen teikn til slike tankar i studiepolitikken for utlandet. Tesen om fritt studieval skjelar ikkje til nasjonale omsyn og prioriteringar. Vårt sjuande universitet er dyrt og idealistisk. Vil Noreg bygge opp studie- og forskingssamar-

beid med Russland, India eller Tyskland innan realfag eller språk, skal ikkje dette redusere den særnorske menneskeretten som seier at alle nordmenn kan få studere kva dei vil, kor dei vil.

BAK DEN SJENERØSE finansieringsordninga for utlandstuderande finn vi ein av landets mest effektive interesseorganisasjonar, ANSA. Organisasjonen til norske studenter i utlandet, har vunne gjennomslag i Stortinget i fleire periodar med den enkle budskapet: Lik rett til utdanning, er fritt studieval med full økonomisk kompensasjon, worldwide. Truleg er noko av grunnen til at ANSA får slik eit politisk gjennomslag, eit ønske om å eksponere norske lærestadar for konkurranse gjennom ei slag Rolls Royce-utgåve av stykkprisfinansiering: norske studenter med marknadsmakt verda over.

DET ER DERFOR prisverdig at statsråd Djupedal no tek initiativ til ein gjennomgang av det sjuande universitet. På seminaret i Kunnskapsdepartementet stilte han ei rekke vesentlege problemstillingar:

"Bør norske studenter velje fritt i utlandet? Er kvalitetsskringa god nok? Skal vi heller bruke meir pengar på norsk utdanning? Er det viktigare å prioritere norske samarbeidsland? Skal vi styre finansieringa ut frå kva som relevant for Noreg? Er det betre å satse på studentutvekslingsavtalar som legg opp til delstudiar i utlandet?"

DET ER MOGLEG AT det sjuande universitet har fått eit urettvist dårleg omdømme. Studiar i utlandet er verdfullt både for Noreg og den enkelte – uansett om studenten kjem heim til Noreg eller ikkje etter avlagd eksamen. Men Beach University bør gravleggast som utdanningspolitisk prosjekt. Lukke til, Djupedal!



Det er vanskeleg å forstå kvifor Beach University er ein hard konkurrent til norske lærestadar. (Illustrasjonsfoto: Arkiv)

NOTISER

Nær 30 milliarder kroner til FoU

NIFU STEP's statistikk over utgifter til forskning og utviklingsarbeid (FoU) viser at den samlede FoU-innsatsen i Norge utgjorde 29,6 milliarder kroner i 2005. Dette er en økning på vel 1,8 milliarder fra 2004 og 2,3 milliarder fra 2003. Økningen fra 2003 fordeler seg med 0,2 milliarder i næringslivet, 0,5 milliarder i instituttsektoren og 1,6 milliarder i universitets- og høyskolesektoren.

Målt i faste 2003-priser økte de samlede FoU-utgiftene reelt med 1,9 prosent i 2005 i forhold til 2003, eller gjennomsnittlig 1,0 prosent per år. Dette er lavere enn i toårsperioden 2001-2003, da realveksten var 3,7 prosent per år i gjennomsnitt, og betydelig lavere enn i den foregående toårsperioden 1999-2001, da den tilsvarende vekstprosent var 6,1.

I næringslivet var det en realnedgang i FoU-utgiftene på 1,9 prosent i gjennomsnitt per år fra 2003 til 2005. FoU-innsatsen i næringslivet varierer imidlertid mer fra år til år enn i de andre sektorene. Fra 2003 til 2004 hadde næringslivet en realnedgang på 6,9 prosent, mens det var en økning på 3,5 prosent fra 2004 til 2005. Nedgangen i næringslivets FoU-utgifter i 2005 i forhold til 2003 skyldes i første rekke en reduksjon i investeringene i FoU – det var en realnedgang i kapitalutgiftene på hele 31 prosent i toårsperioden. Også lønnsutgiftene i næringslivet viste en svak nedgang. I instituttsektoren var det en realvekst på 0,3 prosent fra 2003 til 2005 – altså tilnærmet nullvekst. Veksten i denne sektoren gjelder driftsutgiftene til FoU, mens kapitalutgiftene viste en nedgang.

I universitets- og høyskolesektoren er de registrerte FoU-utgifter i 2005 betydelig høy-

ere enn i 2003. Veksten gjelder både drifts- og kapitalutgifter. Noe av veksten kan imidlertid forklares med endringer i datagrunnlaget ved universitetssykehusene, men størstedelen av veksten er reell. Korrigert for universitetssykehusene var den årlige realveksten i universitets- og høyskolesektoren på 4,2 prosent fra 2003 til 2005.

I 2005 ble det utført i alt 30 500 FoU-årsverk i Norge, en økning på 1450 i forhold til 2003. Næringslivet stod for 45 prosent av de totale FoU-årsverkene i 2005, universitets- og høyskolesektoren for 31 prosent og instituttsektoren for 24 prosent. Det totale antall FoU-årsverk økte med 5 prosent fra 2003. Universitets- og høyskolesektoren stod for hele økningen.

Sensurerer sine ansatte

Direktør Geir Stene-Larsen, direktør ved Folkehelseinstituttet og hovedstyreleder i Forskningsrådet innfører full sensur av ansatte. Ingen får snakke med pressen, skriver Aftenposten. All kontakt med journalister fra nå av skal skje via informasjonsavdelingen.

Forskere får ikke snakke med journalister uten at det er godkjent av Stene-Larsen, som er øverste sjef. Han mener forskere ikke uten videre selv kan formidle sin egen forskning til allmennheten, blant annet fordi forskningsresultatene kan være av en slik karakter at det kan få samfunnsmessige og politiske konsekvenser. Norsk Presseforbund reagerer kraftig, og mener dette er til hinder

FoU-utgiftenes andel av bruttonasjonalproduktet (BNP) utgjorde 1,53 prosent i 2005. Dette er en nedgang i forhold til 2003, da andelen var 1,71 prosent og til 2004 da den var 1,59 prosent. Offentlig finansiert FoU utgjorde 0,67 prosent av BNP i 2005, mot 0,86 prosent for FoU finansiert av næringslivet, andre kilder og utlandet.

I 2005 ble 13,1 milliarder kroner eller 44 prosent finansiert av næringslivet. Dette er en relativ nedgang i forhold til 2003, da andelen var 47 prosent. Vel 85 prosent av den næringslivsfinansierte FoU ble brukt av næringslivet selv. Andelen offentlig finansiert FoU økte fra 42 prosent i 2003 til 44 prosent i 2005, og utgjorde da nesten like mye FoU som næringslivet.



Folkehelseinstituttets og Forskningsrådets Geir Stene-Larsen. (Foto: Scanpix)

for den åpne samfunnsdebatten hvor forskere med sin kompetanse er viktige aktører.

– Dette er rimelig håpløst, og må stoppes. Jeg oppfatter dette som et program for knebling av ansatte, sier assisterende generalsekretær Arne Jensen i Norsk Presseforbund.

Full granskning av kreftsaken

Regjeringen ønsker full granskning rundt håndteringen av krefttilfellene med utgangspunkt i de tidligere Rosenborg-laboratoriene ved NTNU. Det vil bli oppnevnt et uavhengig granskningsutvalg. I tillegg oppnevner Kunn-

skapsdepartementet et rådgivende medisinsk ekspertutvalg som skal gi departementet råd i det videre arbeidet med saken, herunder en vurdering av omfanget og tiltak som nå bør settes i verk. Det er regjeringen som skal oppnevne granskningsutvalget og vedta utvalgets mandat. Utvalget skal vurdere både departementets og NTNUs håndtering. Det medisinske ekspertutvalget skal ledes av divisjonsdirektør Erik Dybing ved Nasjonalt Folkehelseinstitutt.

– Dette er en sak som fortsatt krever mye arbeid, og vi knytter derfor til oss de fremste eksperter på området til å bistå oss. Sakene representerer en tragedie for de som er berørt og deres familier, sier statsråd Øystein Djupedal.

Djupedal påpeker også at det videre arbeidet skal skje i full åpenhet:

– Staten skal ikke holde tilbake informasjon rundt behandlingen av disse sakene, sier Djupedal.

Utvalget skal samtidig vurdere om slike saker også kan ha tilknytning til andre universiteter og høyskoler i Norge.

– NTNU kunne vært mer aktive i oppføl-

gingen av tidligere studenter og ansatte som har jobbet eller studert på Rosenborg, erkjenner rektor Torbjørn Digernes. Han beklager at noen opplever at de ikke er blitt fulgt opp godt nok.

Samtidig understreker rektor at NTNUs ledelse hele tiden fra 1997 har handlet slik den mente var best, ut fra den kunnskap den har hatt til enhver tid, og i samråd med den beste ekspertise.

Staten har de siste ti årene utbetalt hemmelige erstatninger til tidligere studenter og ansatte som har jobbet med livsfarlige stoffer ved NTNU i Trondheim. I ettertid har flere personer som studerte der langt ut på 80-tallet fått kreft, og er enten tilkjent erstatning eller er i forlikforhandlinger, skriver VG.

Kunnskapsminister Øystein Djupedal (SV), mener NTNU har opptrådt korrekt i saken, men varsler full gjennomgang.

Allerede for 35 år siden advarte professor Tor-Henning Iversen ledelsen om uforutsiktelige arbeidsforhold ved laboratoriet ved NTNU i Trondheim, skriver Adresseavisen.

Sitatet:

Når en forsker oppgir hvor han eller hun arbeider, vil vedkommendes uttalelser lett bli oppfattet som instituttets syn i saken hvis det ikke presiseres at det er forskerens private oppfatninger. Det er ikke sikkert at det er akkurat den forskeren som er best egnet til å gi råd i den aktuelle saken. For å skille mellom disse rollene, vil vi ha kontroll på hva som kommer ut fra instituttet.

Geir Stene-Larsen,
administrerende direktør ved
Folkehelseinstituttet til Aftenposten.



Eldre i akademia

- UiO treng ein eldrepolitikk

Eldre tilsette vert pressa til å søkje AFP. Universitetet i Oslo bør snarast skaffe seg ein verdig politikk for eldre, meiner hovudtillitsvald Live Rasmussen.

- Ettersom undervisingsbehovet har auka, treng UiO folk som kan jobbe 150 prosent, men alle tilsette orkar ikkje det.

Rasmussen er ikkje nådig når ho skildrar handsaminga av eldre vitskapleg tilsette ved Universitetet i Oslo. Ho er hovudtillitsvald i Forskerforbundet ved UiO og har den siste tida merka eit aukande press på denne gruppa.

- Uprofesjonelt

- Dei vitskapleg tilsette vert handsama som leverandørar, og dette kan gå spesielt ut over dei eldre. Alt skal gå opp i excel-arka, seier Rasmussen. Ho siktar til *timerekneskapane* - systemet for registrering av pliktarbeid. Blant anna førelesingar og eksamensarbeid vert vekta ut frå estimert tidsbruk, men arbeid med forskning og formidling vert ikkje rekna med.

- Nokre instituttstyrarar oppfører seg i beste fall uprofesjonelt overfor eldre arbeidstakarar. Men til deira forsvar kan ein seie at dei ikkje er gjevne verkemiddel eller instruksar om korleis dei skal takle situasjonen, seier Rasmussen.

Ho meiner universitetet må utforme sentrale retningslinjer for korleis ein skal handle når folk ikkje klarar å oppfylle alle pliktene sine. Ho viser til at UiO og tenestemannsorganisasjonane vedtok ein personalpolitikk i mars 2006. Der heiter det at arbeidet med å konkretisere ein livsfasepolitikk skulle starte i 2006.

- Pressa til AFP

Rasmussen trekkjer spesielt fram Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi (sjå eiga sak) og Kjemisk institutt.

- Kjemisk institutt har generert eit underskot over lang tid ettersom tildelingane etter produserte studiepoeng har gått ned. Der-

med spreier det seg ei oppfatning av at instituttet har for mange tilsette, men ikkje på eit fagleg grunnlag. Utgangspunktet er reint økonomisk. Instituttstyraren har gjennomført medarbeidersamtalar der han har prøvd å få alle eldre tilsette over på AFP, seier Rasmussen. Ho understrekar at AFP-ordninga skal brukast etter ynskje frå den enkelte, ikkje som eit resultat av press frå arbeidsgjevar.

- Det er legitimt å krisemaksimere oppo-

ver i organisasjonen. Det er jobben til instituttstyrar å få fakultet og leining til å sjå alvorret i ein dårleg økonomisk situasjon. Men ein kan ikkje krisemaksimere overfor dei tilsette og individualisere ansvaret for dårleg økonomi, seier ho.

Fleksible oppgåver

Problemstillinga vert ikkje mindre aktuell i tida framover. Innan ti år vil 44 prosent av dei vitskapleg tilsette ved UiO nå pensjonsalder. Rasmussen tek til orde for meir fleksible arbeidsoppgåver for eldre fagleg tilsette ►►



- Ein bør ikkje lene seg hardt på nokon som har nådd grensa. Korleis få restkapasiteten ut av eit menneskje? Press er sjeldan svaret, seier hovudtillitsvald Live Rasmussen.

60 institutter må betale skatt

Rundt 60 forskningsinstitutter, som til nå har vært fritatt for skatt, kan bli skattepliktige. I alle fall på deler av virksomheten. Det er konsekvensen hvis dommen fra Trondheim tingrett om å skattlegge en rekke nye Sintef-selskaper blir stående, skriver Aftenposten. Men Sintef er dundrende uenig i dommen, og har anket til lagmannsretten.

- Hvis dette blir stående, så blir forskning i Norge skattepliktig i instituttsektoren. Dette bryter grunnleggende med norsk forskningspolitikk. Du finner ikke en politiker som vil skattlegge forskning, sier konsernsjef Unni Steinsmo i Sintef.

UiO går imot formidlingsindikatorane Universitetet i Oslo slaktar dei fem indikatorane for formidling i innstillinga "Sammen for kunnskap II". UiO meiner effekten blant anna kan bli formidling som blir driven for langt i retning av kommersialisering, skriv Uniforum. Dermed sluttar UiO seg til kritikken som tidlegare har kome frå universiteta i Bergen og Stavanger. I høyringsbrevet heiter det blant anna at operasjoniseringa og fylgjene av å ta akkurat desse indikatorane i bruk fører til utveljing av nokre former for formidling og utelukking av andre. Samla gir dette ei uheldig redefinering, meiner universitetsleiinga.

Finansnæringa rykker frå

Tilsette i finansnæringa har ein vekst i månadsløna på over sju prosent i 2006 i forhold til 2005.

Gjennomsnittleg månadslønn for heiltidstilsette i finanstenester utgjorde 41 400 kroner per september 2006. Dette er ein auke på 2 800 kroner, eller 7,2 prosent, frå same tidspunkt året før. Vel halvparten av auken kjem på grunn av vekst i bonusutbetalingane. Dette kjem fram i lønnsstala for 2006 fra Statistisk sentralbyrå.

► som slit med stadige underskot på timerekneskapane.

– Sjølv om gjennomsnittsalderen ved norske institutt er høg, kan ein ikkje kome seg unna ansvaret for å leggje individuelt til rette for eldre arbeidstakarar.

– *For å ta arbeidsgjevarperspektivet: kva skal ein gjere med folk som ikkje klarar å gjere heile jobben?*

– Ein må kunne krevje at arbeidstakar gjer greie for aktivitetane som fyller tida, og ein må kunne vere viljug til å ta på seg andre oppgåver. Kan hende ein kan leggje meir vekt på alternative formidlingsoppgåver, som kurs på senioruniversitetet, og ikkje minst oppsummering av den faglege karrieren, seier Rasmussen.

Av Kjetil A. Brottveit (tekst og foto)

– Departementet har ansvaret

Forskerforum får kontakt med instituttstyrar Tyge Greibrokk per e-post. Han kommenterer kritikken frå Live Rasmussen slik:

– Dersom Forskerforbundets tillitsvalgte mener at jeg krisemaksimerer overfor våre ansatte, bør hun snarest kontakte meg for å bli orientert om situasjonen. Forøvrig er seniorpolitikk et emne som det er helt naturlig å ta opp i medarbeidersamtaler med personale som nærmer seg

pensjonsalder (ref. UiOs egne anbefalinger).

Jeg har ved flere anledninger etterlyst støtte fra sentralt hold ved omstillinger. Vi har finansieringsordninger som krever evne til raske omstillinger, som ikke lar seg gjennomføre. Rett adresse for slike klager er derfor ikke instituttledere som arbeider livet av seg for å få økonomien på plass, men KD som bare stiller krav uten å gi oss virkemidlene som skal til.



Tyge Greibrokk (Foto: Scanpix).



Eldre i akademia

Kampen mot timegjelda

– Dei som kjem i underskot på timerekneskapen, får mistankens blikk på seg, seier professor Tone Schou Wetlesen. Ho meiner at arbeidsgjevaren har prøvd å presse henne ned i stillingsdel.

Ho har vore tilsett ved Universitetet i Oslo sidan 1977. No kjenner professoren ved Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi seg tvinga til å seie at ho gjer ein "adekvat arbeidsinnsats". Ho har nemleg kome i gjeld til arbeidsgjevaren – timerekneskapen viser raude tal.

Aukande underskot

– Etter at systemet vart innført, var eg visestyrar ved instituttet og undervisningsleiar. Eg kom opp i 200 plussimar, og trudde eg låg godt an. Men desse timane vart fort etne opp, seier Wetlesen, som seinare har kjempa mot underskot i rekneskapen.

– Eg har ikkje lege så mykje under per semester, men samla opp over tid, vert det eit tal som visast, seier Wetlesen.

I september 2005 gjekk ho ned til 80 prosent stilling. Ho vona at ho slik kunne kome i balanse, og kan hende få meir tid til forskning. Denne strategien har ikkje ført fram:

– Eg arbeider snarare fem dagar i veka enn fire. Eg har framleis nesten ikkje tid til å forske, og eg går framleis i underskot. I haustsemesteret har eg gått 30 timar i minus, fortel Wetlesen.

– Pressa ned i stillingsdel

Våren 2006 heldt prodekan Hanne Haavind ved SV-fakultetet ei rekkje møte med arbeidstakarar over 62 år. Emnet var "generasjons-overføring". Alle i denne aldersgruppa ved Wetlesens institutt vart intervjuet.

– Etter dette vart eg innkalla til møte med instituttstyrar og kontorsjef der òg prodekan Haavind deltok etter ynnske frå meg. Det vart

halde fram at eg framleis hadde underskot på timerekneskapen, og kva vi kunne gjere med det. Instituttstyraren hadde på eit tidlegare møte påpeika at eg ikkje hadde så høg forskingsproduksjon dei siste åra. Men eg gav ut ei bok i år 2000, var redaktør for ei bok som kom i 2004 og var fyrsteforfattar for ei bok i 2006. Han meinte at norma er ei bok i året, men eit slikt tempo er absurd. Eg meiner at interes-

sene mine ikkje vart ivaretekne på møtet med dei tre, og eg kjende ei sterk forventning om å gå ned i stilling, seier Wetlesen.

Resultatet vart at ho bestemte seg for å gå ned til ein stillingsdel på 60 prosent, såkalla delpensjon gjennom AFP-ordninga. Men Wetlesen hadde ein søknad om forskingsmidlar til handsaming hjå Forskingsrådet, og dette fekk henne til å endre mening.

– Dersom eg hadde søkt om å gå ned i stilling, ville eg kanskje ha hatt mindre sjanse til å få gjennomslag hjå Forskingsrådet, seier Wetlesen, som derfor trekte søknaden om å gå



– Universitetet i Oslo praktiserer eit avleggs akkordsystem, seier professor Tone Schou Wetlesen.

meir ned i stilling.

Men søknaden til Forskingsrådet skulle vise seg å vere berginga hennar. I desember 2006 fekk ho meldinga om at ho fekk pengar til eit toårig forskingsprosjekt. Wetlesen vil likevel stille opp i Forskerforum – av prinsipielle grunnar, og med tanke på andre som kan vere i ein tilsvarende situasjon.

Todelt miljø

Wetlesen har sjølv forska på målstyring i offentleg sektor og universitetsfinansiering, og ho meiner modellen med timerekneskap er lite eigna på universitetet.

– Planlegging er bra, budsjett og rekneskap er nødvendig. Men alt er ikkje eigna for å telje i timar og minutt. I våre fag gjev det lite meining å “snu bunken” når vi føreles. Det må førebuingar til. Det er dessutan individuelle skilnader i kor raskt ein arbeider, og det er viktig for helse og trivsel at ein får arbeide i sitt eige tempo – innanfor grensene av det rimelege.

– Men trengst ikkje timerekneskapar for å få til ei rettferdig fordeling av oppgåvene?

– Rettferd er brukt som argument for modellen, men han tek ikkje vare på alle rettferdsomsyn. Nokre oppgåver, som verv og store maratonløp med undervising, gjev god utteljing. Dette fører til ei todeling i miljøet mellom dei som har verv eller held ut maratonløpa og får mange plusstimar, medan dei andre får mistankens blick på seg – sjølv om ein gjer ein adekvat arbeidsinnsats. Ein vert sett for kva ein ikkje gjer, ikkje for kva ein gjer, seier Wetlesen. Ho meiner dessutan at normeringa i mange høve er for snau:

– Før fekk vi godskrive fire timar for ein førelesingstime. Etter studiereforma vart mange førelesingar omdefinerte til “seminarundervising” med ei utteljing på tre timar. Men dersom ein har undervising for 20-90 studentar, vert det lite seminarform med studentaktivitet. Det vert for det meste reine førelesingar som krev like mykje førebuing som før.

Treng ny modell

Wetlesen meiner det er for lite medvit rundt utslaga av timerekneskapen. Ho møter ikkje alltid forståing for at ein faktisk kan hamne på minussida:

– “Korleis klarar du å kome minus? Eg har så mange plusstimar,” seier nokre. Men ein burde ikkje diskreditere enkelte fordi andre sprenger “akkorden”. Akkordsystemet har ein elles gått vekk frå i industrien for lenge sidan.

– Du nemner dei som orkar store maratonløp. Er konsekvensen av det du seier at dei skal få endå meir å gjere?

– Nei, dei yngre må ikkje dermed få endå meir å gjere, og her ligg det ei stor utfordring. Det burde til dømes være ei øvre grense for kor mange oppgåver ein enkelt lærar kan verte pålagt å sensurere av omsyn til forskingstida. Dei som gjer ekstra mykje i verv og vurderingskomitear bør få utteljing gjennom ekstra forskingstid, seier Wetlesen, som meiner ein bør utvikle modellar som er betre eigna til å ta omsyn til både forsking og rettferd.



Tone Schou Wetlesen ynskjer høve til å oppsummere den faglege karrieren. (Foto: Svanpix).

– Ynsket mitt er at universitetsleiinga går grundig gjennom akkordprinsippet og ser korleis det vert praktisert, slik at ein kan motverke dei uheldige konsekvensane. Timerekneskapa og seniorpolitikken må sjåast i samanheng. Normeringane må ta omsyn til kva livsfase ein er i.

Etterlyser valfridom

Wetlesen ville helst ha arbeidd i full stilling framleis. Ho tek til orde for større fridom i val av arbeidsoppgåver for eldre arbeidstakarar, og eit høve til å oppsummere forskarkarriere

ren ordentleg.

– Eg har fått forståing for at eg vil førelese, men ikkje ha emneansvar. Men om eg vert bombardert med sensur og andre pliktoppgåver, er eg like langt, seier Wetlesen.

– Men no er du berga av Forskingsrådet?

– Ja, problemet mitt er løyst gjennom det. Eg fyllar 70 år i 2010 og har att eitt år når eg kjem tilbake. Då vil eg ta opp med instituttleiinga kva situasjon eg skal ha det siste året.

Av Kjetil A. Brottveit (tekst og foto)



Eldre i akademia

– Underskotet laga presset

Det var underskotet i timerekneskapen som laga press, ikkje oss, meiner instituttstyrar og prodekan.

– Eg har snakka med Wetlesen fleire gonger. Det ville ha vore helt feil å bede nokon om å gå ned i stilling. Det er leitt om ho kjende presset frå timerekneskapen som eit press frå meg eller andre, seier prodekan Hanne Haavind. Slik skildrar ho møtet:

– Wetlesen vurderte sin egen situasjon, og fleire løysingar vart drøfta ettersom ho, som ho sjølv seier, ynskte ein viss reduksjon av undervisningsoppgåvene. Det var òg eit tema å finne oppgåver som passa til faginteressene hennar, samt å søkje forskingsmidlar til eit prosjekt ho alt var i gang med. For å planlegge rekruttering til fagområde og få høgt nok tempo i utlysing av nye stillingar, vil det vere nyttig å vite om nokre av dei tilsette vurderer å gå av eller ►►



Geir Høgsnes.



Forts. frå side 7 ►

redusere stillinga før dei er 70 år, seier Haavind og held fram:

– Føremålet med samtalane med Wetlesen og andre var å fange opp forventningane og planane til dei tilsette for betre å kunne planleggje for generasjonsoverføringa som fleire av institutta ved fakultetet står overfor i løpet av dei kommande ti åra. Kunne vi i denne samanhengen skape ei form for seniorpolitikk?

– Treng økonomisk dekning

Instituttstyrar Geir Høgsnes ved Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi seier at møtet med Wetlesen var "innanfor reglementet" og avviser at han har pressa henne på nokon måte.

– *Kan du likevel forstå at ho under dette møtet opplevde press om å gå ned i stilling?*

– Det er underskotet i timerekneskapen over lang tid som har ført til presset hennar. Men når ein kan gå ned i stillingsdel nesten utan økonomiske konsekvensar, kan det vere eit alternativ, seier Høgsnes. Han viser til AFP-ordninga og at ein kan søkje om å få delpensjon.

– Dersom ein skal gå ned eit visst tal timar i undervising, må dei tilsvarende timane kjøpast inn, og til dette treng vi økonomisk dekning. Dette kan ein hente frå lønsmidlar som har vorte frigjorde ved at tilsette heller går ned i stillingsdel, seier Høgsnes, som understrekar at han har stor forståing for at folk reagerer på "køret etter kvalitetsreforma".

– Leiinga må ta eit tak

Høgsnes har elles denne kommentaren til kritikken frå Wetlesen:

– Det ber gale av stad når ein skal forhandle på individnivå med folk på institutta om korleis ein kan få til ein mjuk overgang til pensjon. Dersom vi skulle ha gått inn på avtalar om til dømes å halvere undervisningsplikta for enkelte, hadde instituttet gått konkurs. Universitetsleiinga må ta dette taket sjølve.

Forskerforum fekk ikkje tak i rektor Geir Elingsrud for kommentarar til saka.

Av Kjetil A. Brottveit (tekst og foto)

Forskningsfusk

Forskerforbundet strammar inn

Forskarar som er mistenkte for fusk kan ikkje utan vidare rekne med juridisk hjelp frå Forskerforbundet.

– Det kan kome til eit punkt der både Forskerforbundet og medlemene er best tente med at sekretariatet ikkje yter juridisk hjelp. Dersom vi avslår å yte hjelp, kan medlemen søkje hovudstyret i Forskerforbundet om støtte til juridisk hjelp utanfrå, seier avtroppande leiar Kolbjørn Hagen i Forskerforbundet.

Dårleg PR

I dei nye retningslinene som vart vedtekne i desember 2006, tek Forskerforbundet atterhald om å yte hjelp i saker som kan vere i konflikt med "allment anerkjente akademiske prinsipper eller er av strafferettslig karakter" (sjå ramme). Eit utval oppnemnd blant medlemene i hovudstyret får ansvar for å avgjere frå sak til sak kor grensa for juridisk hjelp skal gå.

Røynsleane med fuskasaka ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) er noko av bakgrunnen for avgjerda til hovudstyret i Forskerforbundet. Forbundet assisterte og representerte forskaren ved Ås, noverande UMB, som er mistenkt for fusk. Dette førte til ein del negativ publisitet, blant anna laga NTB saka: "Støtter juksemissenkt forsker".

– Treng ordentleg forsvar

– *Forskerforbundet skal både vere medlemenes støttespelar og ein forskingspolitisk aktør. Er dette eit uttrykk for at den forskingspolitiske rolla veg tynnst?*

– Nei, dette vedtaket er eit forsøk på å sameine dei to omsyna. Dersom nokon vert mistenkte for fusk, bør dei få eit ordentleg for-

svar. Dersom Forskerforbundet står for dette forsvaret, vert det fort oppfatta som om vi legitimerer fusk. Dermed kan vi risikere å måtte halde att, og forsvaret vert ikkje så effektivt som det burde.

– *Det hadde vore temmeleg absurd om Forskerforbundet gjekk inn for forskningsfusk. Er ikkje dette å gje etter for fordummande media?*

– Saka ved Ås viser tydeleg at balansegangen er vanskeleg. Dersom vi tek for mange atterhald, kan det verte oppfatta som at vi ikkje støttar medlemene våre. Derfor trur vi altså at denne løysinga er best for både Forskerforbundet og medlemene. Ordninga vår vert no i tråd med praksis i andre fagforeiningar.

Av Kjetil A. Brottveit

Fakta

Nye retningslinjer

I dei reviderte retningslinene for "Forskerforbundets juridiske bistand til enkeltmedlemmer" heiter det i punkt 10:

"Forskerforbundets juridiske bistand kan avgrensast mot saker som oppfattast å vere i konflikt med allment anerkjente akademiske prinsipper eller er av strafferettslig karakter. Et utvalg bestående av hovedstyremedlemmer avgjør om bistand skal gis. Medlemmer som gis avslag på sekretariatets juridiske bistand, kan søke Hovedstyret om økonomisk støtte til engasjement av ekstern advokat.

Meir medvitne studentar

Tyskland: Studentane vert stadig meir medvitne om styrken og veikskapen ved ulike universitet, og dette påverkar vala deira. Det er konklusjonen i ei undersøking gjort av tidsskriftet *Der Spiegel*. 50 000 studentar har svara på ei enkel rundspørjing på nettet. At studentane er meir medvitne om kvaliteten på studia medverkar òg til framveksten av eliteuniversitet som trekkjer til seg søkjarar med gode karakterar. Stadig fleire lærestadar gjer eigne opptak ved hjelp av intervju eller opptaksprøver. Det fører til meir motiverte studentar og færre som avbryt studia. Det sørlege Tyskland og framfor alt Bayern verkar å vere vinnaren. Technische Universität München har studentar med gode resultat på nesten alle studieretningar. Studentundersøkinga viser òg at det er tekniskarar, økonomar og naturvitarar som har lettast for å få jobb etter studia.

Hjelper irakiske akademikarar

Den britiske organisasjonen Council for Assisting Refugee Academics (Cara) har sett i gang ulike tiltak for å hjelpe irakiske universitetslærarar som har flykta utanlands. Cara vart grunnlagt på 30-talet for å hjelpe jødiske akademikarar som var tvunga til å forlate Tyskland. No er alle kreftene sett inn for å hjelpe irakarane. "No har vi ei krise som er like alvorleg som den på 1930-talet," seier leiaren, professor John Ashworth, til avisa *The Independent*. Han har nyleg skrive eit brev til statsminister Tony Blair for å be om hjelp. Han har òg oppmoda kollegaer ved britiske universitet om å "adoptere" irakarar. Dette kan til dømes skje gjennom å ta imot ein universitetslærar eller ein irakisk student som har vorte tvunga til å flykte frå landet. Cara prøver å få dei britiske styresmaktene til å gjere handsaminga av søknader om opphaldsløyve raskare. No kan det ta opp til eitt år før irakiske forskarar får svar på søknadene, skriv *The Guardian*.

Fram for elektronisk publisering

USA: "Vi lever i ein digital tidsalder, men det verkar som ein del akademiske institusjonar ikkje har fått det med seg." Denne krasse kommentaren kjem frå eit medlem av ei arbeidsgruppe i det amerikanske Modern Language Association (MLA), melder det svenske Høgskuleverket. Gruppa, som har diskutert publiseringsmønster og meritering, hevdar at mange humanistiske forskingsmiljø framleis legg altfor stor vekt på trykte monografiar i samband med rekruttering. Dette vert urimeleg i og med at det har vorte stadig vanskelegare, spesielt for yngre forskarar, å få bøker publisert. MLAs arbeidsgruppe oppmodar tilsettingsansvarlege om å leggje meir vekt på innhald enn publiseringsform. Oppgåver, gode omsetjingar og lærebøker bør vidare gje betre uttelling. Teksten i ei pdf-fil på nettet kan ha minst same kvalitet som ei trykt bok, meiner gruppa.

Forskningsspolitikk

- Har evne - mangler vilje

Norge mangler ikke en helhetlig forskningspolitikk, men i regjeringen ligger det en systematisk mangel på vilje til å satse på forskning, ifølge Odd Einar Dørum (V).

Venstres forskningspolitiske talsmann Odd Einar Dørum bestrider professor Jan-Fridtjof Bernts utspill i forrige nummer av Forskerforum. Bernt hevder blant annet at norsk forskningspolitikk trenger et overordnet råd fordi den mangler lederskap og er preget av skippertak og retrospektiv tenkning.

- Jeg synes Bernt suverent overser forskningsmeldingen fra Lilletun, opprettelsen av forskningsfondet og forskningsmeldingen fra Bondevik II-regjeringen. Vi anla en systematisk opptrapping av penger til universiteter, høyskoler, institutter og forskningsråd, samt til stipendiater, post.doc.-er og vitenskapelig utstyr, sier Dørum i et intervju med Forskerforum. Dørum hevder at Bernt gjør feil i å ta oppmerksomheten bort fra denne opptrappingen bare fordi dagens regjering nekter å satse på forskning.

- Burde lyttet

- Jeg reagerte spontant på Bernts utspill. Vi har fått en regjering med rekordmye penger til disposisjon, først gjennom 12 milliarder i frie penger på det ordinære budsjettet, og så fire milliarder ekstra, hvorav 2,8 milliarder gikk til sykelønnsordningen. Hvis man hadde lyttet til norsk industri, NHO, Abelia, IKT-Norge, universitets- og høyskolesektoren, studentorganisasjonene, Unio, Akademikerne, Forskerforbundet, Tekna, YS, ja, selv Gerd Liv Valla - så ville man ikke kuttet i høyere utdanning og unnlatt å fortsette opptrappingen av stipendiater.

Lidenskap og kampvilje

I en situasjon med en enorm mulighet til å satse penger, mennesker og utstyr på bakgrunn av to forskningsmeldinger med bred støtte i Stortinget, lar regjeringen være å handle, påpeker Dørum.

- Hva om Bernt er ute etter å konstatere noe omkring realitetene, og ikke intensjonene, i norsk forskningspolitikk?

- Jeg føler at Bernt velger seg bort fra den systematikken som er bygget opp, og i stedet velger å beskrive alt som skippertak. Et utvalg av vise mennesker kan ikke ha overordnet styring med norsk forskningspolitikk, som hviler hos en forskningsminister, sier Dørum.

- Har vi en svak kunnskapsminister som taper på forskningens vegne?

- Jeg liker ikke å dele ut karakterer, men den sittende statsråd har selv valgt å kalle seg for kunnskapsminister, ikke forskningsminister som før. Dette forutsetter en person med kampvilje og stor lidenskap for området, noe Jon Lilletun og Kristin Clemet satt inne med. Skal du løfte forskning i Norge, må du ha sterk vilje og kampevne på innsiden av regjeringssystemet, og så må du ha en levende opposisjon på utsiden - både i det parlamen-

tariske liv og innenfor academia. Alt dette må til for å løfte, men du kan ikke fjerne ansvaret fra dem som har ansvaret, sier Dørum.

"Politik är att vilja"

Ifølge Venstres forskningspolitiske talsmann, som er kjent for sin helhetsorientering i norsk politikk, er partiene til venstre for sentrum kjent for kunnskapsbaserte reformer. Nå ser Dørum noe annet.

- Sosialdemokraten Olof Palme sa at "politik är att vilja." Djupedals linje er å bort-

forklare det hele og si at Bondevik II-regjeringen burde ha vært bedre. Det er ikke det mest gripende argumentet å ty til fortiden for å forsvare mangel på framtid der du selv sitter med makt og penger. Og så har vi Kristin Halvorsens linje om å forstå barnehagesatsing som et alternativ til forskningssatsing. Hadde de villet forskning, hadde de aldri startet med å kutte forskningsfondet med 25 milliarder i 2006, de ville ikke tatt ut de 100 millionene de skulle lagt til på gaveforsterkningsordningen, og de ville selvsagt ha lagt fram et helt annet budsjett for 2007. Dette er en systematisk mangel på vilje, sier Odd Einar Dørum.

An Andreas Høy Knudsen



Venstres Odd Einar Dørum hevder at regjeringen har skylden for akademias problemer. Her fra Forskerforbundets "Forskningsspolitisk seminar". (Foto: Kjetil A. Brottveit)

Færre studentar i Tyskland

Fleire lukka utdanningar fører til at færre søker seg til høgare utdanning. Det fastslår det tyske rektormøtet HRK i ein analyse av opptakstatistikken dei siste åra. Det politiske målet er at 40 prosent av ein årsklasse skal søkje seg til høgare utdanning. I 2003 låg talet på 38,9 prosent, men no har prosentdelen felle til 35,5. HRK meiner at ein del av forklåringa ligg i den nye gradstrukturen som Bologna-prosessen har ført med seg. Bachelor- og mastergrader krev høgare kvalitet på utdanningane og større lærartettleik. Lærestadene avgrensar dermed opptaket av økonomiske grunnar. I vissa delstatar har talet på opne studium vorte reduserte med ein tredel.

Reformer i Hellas

Dei greske universiteta har stagnert. Dei manglar evne til utvikling og avgrensar dermed si rolle i samfunnet. Dei harde orda vart felt av statsminister Karamanlis under ein debatt i parlamentet før jol, melder Athens News Agency (www.ana.gr). Han kravde omfattande reformer av høgare utdanning, og lasta tidlegare regjeringar for at ingenting har vorte gjort. Karamanlis hevdar at universiteta og høyskulane utdannar mange til arbeidsløyshe. Studentane vert tvinga til å søkje seg arbeid i utlandet. Regjeringa vil modernisere høgare utdanning, blant anna gjennom å slutte seg til Bologna-prosessen. Samtidig vil ein oppheve det statlege monopolet på høgare utdanning.

Universitetet i Tromsø

Dropper retten til forskningstermin

Hardere prioritering mellom søkere, krav om oppnådde resultater og slutt på ankeadgang ved avslag er deler av det nye reglementet for forskningstermin ved Universitetet i Tromsø (UiT).

– Forskningen vil bli bedre, sier direktør Lasse Lønnum ved UiT.

Mulighetene til å få innvilget forskningstermin blir nå kraftig innskrenket for mange førsteamanuenser og professorer med fast stilling ved UiT. Midlertidig ansatte får imidlertid lettere adgang til forskningstermin. Universitetsstyret vedtok i november et nytt og langt mindre liberalt reglement, hvor blant annet ankemuligheten på avslag blir strøket. Hovedbudskapet i det nye reglementet er at forskningstermin ikke er et automatisk gode, men en belønning for dokumenterte forskningsresultater. Rapportering og kontroll – også fra universitetsledelsen mot den bevilgende avdeling – er nye retningslinjer ved UiT.

Fra liberal til streng

Nå skal tidligere forskningsinnsats og fremlagt forskningsplan gjøres til selvstendige kriterier for behandling av søknad om forskningstermin. Dermed vil fakultetene ha et klarere grunnlag for "ved behov å kunne avslå søknad om forskningstermin, uavhengig om det er økonomiske rammer, arbeidsplaner, forskningsproduksjon eller tidligere forskningsinnsats" som ligger bak, skriver universitetsdirektør Lasse Lønnum i sin innstilling til styret. Forskningstermin er ikke å forstå som en rettighet til de vitenskapelig ansatte, understreker Lønnum. Dermed går UiT fra å være landets mest liberale universitet til å bli det strengeste i sin håndtering av forskningstermin.

Vil øke effekten

– De nye reglene kan gjøre Universitetet i Tromsø til en langt mindre attraktiv arbeidsplass, sier hovedtillitsvalgt Egil Børge Mikalsen. På forhånd advarte Forskerforbundet på det sterkeste mot å fjerne forskningstermin som en rettighet for vitenskapelig ansatte. Allikevel ble samtlige endringsforslag til

reglementet vedtatt av universitetsstyret.

